



Design, kunst og handverk



Bachelor i design, kunst og handverk er eit praktisk-teoretisk studium der du lærer om visuell kommunikasjon, arkitektur, design og kunst. Det vert lagt vekt på å gi deg innsikt og kunnskap for å kunne realisere dine eigne idear, utøve og formidle kunst og kultur. Studiet gir deg kompetanse og praktisk erfaring med teknikkar innanfor ulike materiale som er relevante i skule, kulturskule eller andre samfunnsinstitusjonar.

Studieinnhald

Ved Høgskulen i Volda møter du eit solid fagmiljø og godt utstyrte verkstadar. Tre, tekstil, leire, metall, grafikk, digitale verkty, maling, teikning og toving er noko av det du vil jobbe med i studiet. Di eiga kreative utvikling og evna til å leggje til rette for læring står sentralt.

Internasjonalisering

Som student ved Bachelor i design, kunst og handverk kan du ta delar av utdanninga i utlandet. Vi rår mellom anna til utveksling til våre samarbeidsinstitusjonar i Australia, Storbritannia og USA.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga i studiet er ein kombinasjon av forelesingar, individuell oppgåveløysing og sjølvstudium. I tillegg er det fleire studiereiser i løpet av studietida. Studentar får prosessevaluering i arbeidsøktene og i presentasjonssituasjonar. Du kan lese meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Med ein Bachelor i design, kunst og handverk er du mellom anna kvalifisert for å jobbe i kulturskule, med formidlingsarbeid i museum og galleri eller med kulturarbeid i kommunar. Om du ønskjer undervisningskompetanse i skuleverket, må du bygge på med Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), allmennfag. Les meir om opptaket her.

Studiepoeng / lengd: 180 / 6 semester (3 år)

Opptakskrav: Generell studiekompetanse.

Søknadsfrist: 15. april i Stengt for søking

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no